Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste til nr. 36 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Helsing, fakter og åtferd. Herad: Voss

Emne: Refsing. Bygdelag: Kvitli

Oppskr. av: Brita Lid f. 28/, 1893 Gard: Øvre Lid

(adresse): Lina Mork, Volda G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn~~: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

**Måtar å refse folk på.**

A. Eg veit lite om dette emnet.
Visseleg kunne dei ved ymse teikn og oppsetjing av figurar eller anna, syna ein granne eller eit byg-demenneske vanvyrdnad eller refsing. T. d. ved å hengja eit plagg utfor døra hans.

„Skammaskot" ved bryllaup er vel kjent, det var 2 skot istaden for 3.
Dei kunne og byggja opp hindringar i vegen for eit bryllaupsfog – eller anna lag – slik at dei laut vika ut or vegen. Det gjorde dei for bryllaupstoget på Kløve, heimi Granagardane, då ei gamal enkja på Kløve gifte seg med ein berrande ung mann. Det var ei form for refsing.
Bjølleluk var den vanlege form for å refsa kjærastefolk som ikkje ville at ålmenta skulle vita om forholdet.

7979

Seinare strådde dei med sagmug (sagflis) frå dör til dör i slike höve. Dei "lusste" for dei. Det var ei stor skam å verta "lusst" for.
3. Dei gjorde "jolaspriliv". Men i detalj å forklara korleis dette var, kan eg ikkje her eg no er. Heime på Voss kunne ein rökja etter.

B. Ved å setja namn på folk.
Dei var stygge til å gjeva einannan "utnemne" som det heitte. Det var "mange slag av dei. Sume kunne gå på ein skavank som denne personen hadde, t. d. „Krylen", „Haltepinken" o. a. Men sume vart sette på fordi denne personen ikkje greidde sitt arbeid som andre, t. d. "Durrle-Nils", "Seina-Serro" (kvinna) "Eller fordi dei var toskne „Kvitna=Ritlo" (kvinna).
4. Det var utanom skikken å gå til nokon på joledag. Men eg har ikkje högt noko serskilt namn på den som gjorde det.
5. Dei som ikkje fekk eit nytt plagg jolaftan var tilsidesette, det vart rekna som ei refsing og hende sjeldan. Eg har òg inntrykk av at dei meinte det drog etter seg ulukka.
6. Den som ville pröva fiskelukka og ingen ting fikk, vart kalla „vassfis". Det var eit svivyrdings namn: „Vart du vassfis i dag!"
„Fis" var i det heile svivyrdande. "Boe-slött" var namn på den som gjekk i kryllaus eller gjestelaus ulveden. "Glankar" var eitt.

7979
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING